



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

VOLDA KOMMUNE  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Vår dato:  
23.10.2019

Dykkar dato:  
14.08.2019

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kari Bjørnøy 71 25 84 05

### **Volda kommune Kommuneplan 2018 – 2030 – arealdel Offentleg ettersyn**

*Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lover.*

Volda kommune har lagt fram kommuneplanen sine arealdel for 2018-2030 til offentleg ettersyn. Fylkesmannen viser til oppdraget med samordning av statlege motsegner som regjeringa innførte som fast ordning frå 2018. I denne fråseguna fremjar vi motsegn på vegne av NVE.

#### **Med heimel i plan- og bygningslova §5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:**

##### **NVE:**

- NVE fremjar motsegn til planframlegget inn til det er innarbeidd krav i føresegnene i samsvar med tilrådingane i ROS-analysen.
- NVE fremjar motsegn til planframlegget inntil det er gjort greie for kva føringer som gjeld for Stigedalselva sin status som verna vassdrag i plandokumenta.

Heile fråseguna til NVE ligg som vedlegg, og vi ber kommunen sjå nærmere på grunngjeving for motsegner og faglege råd.

##### **Fylkesmannen:**

- Motsegner til diverse føresegner
  - § 2.3.8 Støy
  - § 2.7.1 og § 2.7.2, Byggegrense mot sjø og vassdrag
  - § 2.9.2 Krav til nær- og kvartalsleikeplassar, omsyn til barn og unge

- Motsegn mot BFT8 Årset i Austefjorden, for stor belastning på naturmangfaldet
- Motsegn mot BKB24 Morkabygda, ut frå omsyn til friluftsliv, barn og unge og natur/miljøinteresser
- Motsegn mot BAB12 Morkåsen, jf. BKB24
- Motsegn mot B105 Ytrestøy, ut frå omsyn til naturmangfaldet (hjortetrekket i området)
- Motsegn mot BAB21, avløpsreinseavnlegg ved Klippa, ut frå omsyn til friluftsliv
  
- Motsegn mot B111 Rotset/Bømarka, omsyn til jordvern
- Motsegn mot B226 Heltne/Årneset, omsyn til jordvern
- Motsegn mot B234 Egset, omsyn til jordvern og støy
- Motsegn mot BGU5 Leirshaugen gravplass, omsyn til jordvern
- Motsegn mot BKB9 og BKB11 Furene, omsyn til jordvern
  
- Motsegn mot BA10 Dale, omsyn til smittefare frå oppdrettsanlegget til Dalselva
- Motsegn mot BKA15 Steinsvik, omsyn til smittefare frå oppdrettsanlegget til Steinsvikselva/Vassbakkeelva
  
- Motsegn mot framlegget til sentrumsinndeling, manglande kartfestjing og juridisk nedfelling av funksjonsdeling
  
- Motsegn inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik for avdekka skredfareområde i planen
- Motsegn inntil planføresegnsene sikrar at tiltak som kan realiserast direkte med heimel i kommuneplanens arealdel berre skjer i område med avklarte risiko- og sårbarhetsforhold
- Motsegn inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot stormflod og havnivåstiging
- Motsegn knytt til omsynssoner rundt elvane
- Motsegn knytt til at føresegnsene sikrar nærmere avklaring av grunntilhøva/ustabil grunn
- Motsegn knytt til tryggleik mot elektromagnetisk stråling

### **Faglege råd og nærmere gjennomgang av motsegnene fra fylkesmannen:**

#### **Planfagleg**

##### *Generelt*

Kommuneplan for Volda omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanens samfunnsdel for perioden 2016 – 2028 gir viktige rammer og føringer for arealdelen.

Samfunnsdelen omfattar mål og strategiar retta mot åtte prioriterte fokusområde. *Folkehelse, Klima og miljø* og *Barn og unge* skal inngå som gjennomgåande perspektiv i alle hovudtema.

Kommuneplanens arealdel 2019 – 2030 omfattar planomtale, plankart og føresegner. Arealdelen skal følgje opp målsettingane og strategiane frå samfunnsdelen. Med dette som utgangspunkt er det utforma rettleiande arealstrategiar for kvart hovudtema. Dette er eit viktig grep for å sikre ei brei tverrfagleg og heilsakapleg forankring. Samla kommuneplan med samfunns- og arealdel vil elles vere eit viktig grunnlag for eventuelt vidare arbeid med kommunedelplanar i form av tema-, sektor- eller områdeplanar.

Kommunane Volda og Hornindal har gjort vedtak om samanslåing frå 01.01.2020. Etter søknad om grensejustering har KMD gjort vedtak om at krinsane Bjørke og Viddal også vil bli ein del av nye Volda kommune. På bakgrunn av dette blir det i planomtalen peika på at det i samband med utarbeiding av kommunal planstrategi for nye Volda kommune 2020 – 2023 vil vere aktuelt med ein ny gjennomgang av kommunens samla planportefølge. Dette vil også kunne omfatte vidare samarbeid med nabokommunen Ørsta om felles strategiar og planar for grenseområda mellom dei to kommunane. Vedtatt planstrategi for nye Volda kommune vil danne grunnlag for arbeidet med ein ny, felles kommuneplan. Eit første steg her vil vere utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel. Denne vil i neste omgang gi rammer og føringar for vidare tilpassingar og revidering av gjeldande arealplanar som utgangspunkt for oppstart av arbeidet med ein felles arealplan for den nye kommunen.

### *Planprosess*

Fylkesmannen vil gi ros for generelt godt gjennomarbeidd planmateriale og planprosess der medverknad er gitt stort fokus og ser ut til å vere gjennomført med stor deltaking for heile kommunen. Det har undervegs i planprosessen vore gjennomført fleire bygdemøte, temamøte og opne kontordagar for å sikre medverknad frå aktuelle interesser, grupper og samfunnsaktørar.

Planarbeidet har gjennom ulike prosjekt-, arbeids- og referansegrupper vore godt forankra både politisk og administrativt. Tett kopling til samfunnssdelen, supplert med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag m.a. gjennom eigne kartleggingar og analysar knytt til viktige temaområde, gjer at planen vil kunne fungere som eit nyttig kommunalt utviklings- og styringsverktøy. Som del av kommuneplanarbeidet er det utarbeidd ei rekke ulike arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument.

Fylkesmannen viser elles til våre råd og merknader i samband med oppstartmelding og høyring av planprogram. Vi viser også til våre innspel i samband med presentasjon og gjennomgang av tidlegare utkast lagt fram i regionalt planforum.

### **Konsekvensutgreiing**

Alle aktuelle utbyggingsområde er utgreidd, og vi har ingen merknader til metoden som er brukt. Vi har inntrykk av at konsekvensutgreiinga er fagleg god, og at konklusjonen for kvart enkelt område er utfyllande med høve til totalvurderinga av framleggget. Vi legg vidare til grunn at KU har fanga opp alle viktige registreringar og interesser slik at alle relevante moment er blitt belyst og vurderte. Vår vurdering av planføremåla har som føresetnad at kunnskapsgrunnlaget (mellan KU) er fullstendig.

Det er elles noko problematisk at nemninga i KU-en oftast ikkje er identisk med nemninga i plankartet. I tillegg er føremålet i utgreiinga ofte ikkje i samsvar med føremålet gitt i plankartet. Det gir også ei ekstra utfordring at ein ikkje har fått på plass ei kartfil som kunne leggast inn i Gis-link. Dette gir mykje meirarbeid i gjennomgangen av KU-en.

### **Føresegner**

Det generelle inntrykket er at føreseggnene stort sett er greitt framstilt. Det er nokre punkt som foreløpig manglar føresegner, og vi legg difor til grunn at dette blir retta opp i og at føreseggnene er komplette til neste ettersyn. Etter vår vurdering er det også noko uklart kva som er føresegner og kva som er retningsliner. Vi har følgjande merknader til føreseggnene/retningslinene:

**Pkt. 1.1** «Områder der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde er markert i plankartet med omsynssone og planid og er lista opp under kap. 5.6 Sone der reguleringsplan framleis skal gjelde. Ved eventuell motstrid går ny plan med føresegner føre eldre plan for same areal.

Ved avvik mellom eldre reguleringsplan og arealdel må ein søkje om dispensasjon frå eldre reguleringsplan.»

Denne føresegna blir sjølvmotseiande. Utgangspunktet etter pbl er at ny plan går framfor gammal plan ved motstrid, men ein ny kommuneplan vil ikkje oppheve ein eldre reguleringsplan. Eldre reguleringsplanar vil difor framleis gjelde (utan at dei må visast med omsynssone), men dersom det er motstrid mellom desse planane vil kommuneplanen gå framfor. Formuleringa «*Ved eventuell motstrid går ny plan med føresegner føre eldre plan for same areal*» seier difor ikkje noko meir enn det som allereie følgjer av lova.

Dette harmonerer likevel ikkje med det som går fram av **pkt. 5.6 a** «*I følgjande område skal gjeldande reguleringsplan framleis gjelde framfor arealdelen*» (mi understrekning). Formuleringa i **pkt. 1.1** «*Ved avvik mellom eldre reguleringsplan og arealdel må ein søkje om dispensasjon frå eldre reguleringsplan.*» synast også å bygge på føresetnaden om at (nærare bestemte) reguleringsplanar skal gjelde framfor kommuneplanen.

Vi legg til grunn at det ein ønskjer å oppnå med denne føresegna er at enkelte eldre reguleringsplanar skal gå framfor (dvs. fråvike lova sitt utgangspunkt), og dette gjerast ved å omfatte desse områda som omsynssoner. Då bør i alle fall setninga «*Ved eventuell motstrid går ny plan med føresegner føre eldre plan for same areal*» endrast for å unngå at det er uklart kva som eigentleg er meint her.

Ved bruk av denne omsynssona følgjer det også av lova at kommunen skal vurdere om reguleringsplanane er i samsvar med nasjonale og regionale interesser. Vi stiller spørsmål ved om det er gjort ei slik vurdering her.

## 2.17 Landskap og grønstruktur (bokst. b)

Det er forbode å setje ut artar som er omfatta av fremmedartslista. Denne aktiviteten er regulert av forskrift om framande organismar, heimla i naturmangfaldlova.

## 2.2 Unntak frå plankrav (pbl. § 11-6)

I punkt a står det følgjande:

*I neverande utbygde bustadområde, men som ikke har gjeldande reguleringsplan, kan det førast opp nye bustadar med inntil to bueiningar eller tilbygg/påbygg, bruksendring, garasje og liknande på bebygd eigedom, utan plankrav.*

Vi les denne føresegna slik at den berre gjeld for areal som i kommuneplan er sett av til bustadføremål, men omgrepet «bustadområde» kan forståast på fleire måtar. Dette må difor presiserast. Unntaket frå reguleringskravet er for så vidt gjentatt i § 4.1.2 *Bustadformål eksisterande*, men med ein noko annan ordlyd. Dette kan kanskje vere noko uklart mot kva som kan byggast utan reguleringsplan. Desse to føresegnebønnene bør harmoniserast når det gjeld innhald og omgreps bruk.

## § 2.3.8 Støy

Vi viser til § 2.3.8 bokstav a og er samde i at følgande setningar blir planføresegns, men med eit tillegg om tabell 3: «*Alle tiltak skal planleggast slik at støytihøva innandørs og utandørs vert tilfredsstillande. Miljødepartementet sin Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), med støynivå gitt i tabell 3, skal leggast til grunn for planlegging og tiltak etter pbl § 20-1.*

Vidare må det ryddast i kva som er føresegns og kva som er retningsline. Delen om at det ikkje er naudsynt med støyfagleg utgreiing der det ligg føre støykartlegging, må takast ut. Følgande setning kan til dømes vere retningsline: «*Ved etablering av støyfølsame bruksformål, og etablering av ny/utviding av støyande verksemd, kan kommunen krevje ein støyfagleg utgreiing.*»

Når det gjeld § 2.3.8 bokstav b (gul sone), finn vi det ikkje rett at eksempel på krav for avviksområde innanfor sentrumsområde og kollektivknutepunkt blir gjort gjeldande for heile planområdet, dvs. heile kommunen. I bokstav c blir det på same måte opna for bygging av bygningar med støyfølsam bruk i raud sone i indre sentrumssone utan at det er definert konkret kva som er avviksområde, utan at det er sett maksimalt akseptabelt støynivå, tilstrekkeleg med vilkår o.a.

Vi har forståing for at ein ønskjer å avklare kva krav som skal gjelde i støyutsette område så tidleg som mogleg, men åtvarar mot å etablere føresegner i kommuneplan som gir stor grad av kompromiss i gul og raud støysone for heile kommunen eller lite konkretiserte deler av kommunen. Rettleiaren M-128 kap 2.2, 3.4 og 11.4. gir informasjon om bruken av avviksområde for sentrumsområde og knutepunkt i større byar og tettstader. Sjølv om kvar kommune må gjere ei sjølvstendig vurdering om og kvar slike avviksområde skal lokaliserast, er det anbefalt at kommunen ikkje definerer store område som avviksområde. Det er ønskeleg å vere restriktiv i utgangspunktet, og heller avklare moglegheiter for avvik og tilpassingar i dei enkelte reguleringsplanane. Vår erfaring er at det kan bli eit kunstig skille mellom klart definerte avviksområde og ikkje-avviksområde nærare sentrum ved seinare reguleringer, fordi ein også utanom avviksområde i enkeltsaker kan ende med å legge til rette for løysingar med stille side osv. Vi vil påpeike at utbyggar kan få uheldige forventningar om kva som kan aksepterast i avviksområda, og det kan bli vanskeleg å få til gode løysingar fordi det blir hardt press i høve lønsemrd i prosjektet. Vi ber kommunen vurdere kor vidt avviksområde kan snevre inn kommunen sitt handlingsrom i seinare reguleringsplanar slik at ein ikkje greier å sørge for gode løysingar for innbyggjarane som skal bu i bygningane. Molde og Kristiansund har valt å ikkje ha avviksområde, medan Ålesund har slike.

Dersom kommunen vel å ha avviksområde må denne konkret gå fram av kartet (eksempelvis temakart), og ein må stille krav til ei øvre støygrense (maks. tillate støynivå i Ålesund er satt til 70 dB) og arbeide med å setje gode vilkår (sjå alle døme på vilkår som ligg i T-1442 s. 11). Kommunen har peika på indre sentrumssone som avviksområde og vi forutset at dette arealet blir klart definert i kart om de vel å gå vidare med dette. Vi har med dette **motsegn** mot utforminga av føresegna om støy i § 2.3.8.

### **§ 2.3.10 Energibruk i bygg**

For å redusere klimagassutslepp gjennom heile livsløpet til bygg, ber vi om at det blir sett inn følgjande krav:

I alle reguleringsplanar og større tiltak, tilpassa omfanget på tiltaket, må det gjerast greie for tiltak for å redusere energibruk, tiltak for å redusere klimagassutslepp og val av energiløysingar og byggemateriale. Det må utarbeidast klimagassrekneskap i samband med alle større tiltak som gjeld vesentlege naturinngrep, nybygg større enn 1000 m<sup>2</sup> BRA og ved val mellom riving eller renovering av eksisterande bygg.

### **§ 2.3.17 Bevaring av matjord i utbyggingsområde**

I tillegg til det som står i føresegna, kan ein vise til rettleiaren «Jordmasser – fra problem til ressurs» av Norsk Landbruksrådgiving og NIBIO.

### **§ 2.7.1 Byggegrense langs vassdrag**

Punkt c seier at tiltak som fremmar friluftslivet kan tillatast så fremt det ikke går ut over viktige økologiske funksjonar langs vassdraget. Ut frå at byggeforbodet i § 1-8 gjeld for alle tiltak etter § 1-6, med unntak av fasadeendringar, er dette i strid med lovteksten. Dette kan difor ikke vere ei føresegns, men kan likevel vere ei retningsline som seier noko om kommunen si haldning til friluftslivstiltak i strandsona.

### **§ 2.7.2 Byggegrense langs sjø**

Ifølgje føresegna er byggegrense mot sjø vist i plankartet. Dette er likevel ikke tilfellet. Der det ikke er sett eksplisitt byggegrense i reguleringsplan, er det difor 100-metersgrensa som gjeld. Dette gjeld generelt i heile planområdet (dvs. heile kommunen) jf. pbl. § 1-8 tredje ledd.

I pkt. b står det at «*tiltak som fremmar friluftslivet kan tillatast så fremt det ikke går ut over viktige økologiske funksjonar i strandsona*». Ut frå at byggeforbodet i § 1-8 gjeld for alle tiltak etter § 1-6, med unntak av fasadeendringar, er dette i strid med lovteksten. Dette kan difor ikke vere ei føresegns, men kan likevel vere ei retningsline som seier noko om kommunen si haldning til friluftslivstiltak i strandsona.

### **§ 2.9.2 Krav til nær- og kvartalsleikeplassar**

Ifølgje føresegna skal planlegging og opparbeiding av nær- og kvartalsleikeplassar gjerast i samsvar med krav og retningsliner i Volda kommune sin rettleiar for leike- og aktivitetsområde. Som vi gjorde greie for i vårt høyringssvar til rettleiaren i brev av 06.07.2018, er det ikke samsvar mellom Volda kommune sine råd og fylkesmannen sine «leikeplassråd». Dette gjeld krav til avstand og storleik. Etter vår vurdering, er det uheldig å lempe på krava til både avstand og storleik med høve til fylkesmannen sine råd. I dei sakene der ulike forhold gjer det vanskeleg/umogleg å oppnå krava, vil ein sjølvsagt måtte vurdere kva som er oppnåeleg på staden. Utbyggjar vil vanlegvis ikkje stille større krav til seg enn dei kommunen stiller. Og når ein såleis legg lista unødig lågt, vil ein få därlegare tilrettelagte tilhøve for leik og aktivitet enn det faktisk kan vere rom for. Vi fremmer difor **motsegn** mot føresegna på dette punktet, og viser til fylkesmannen sine råd om leikeplassar som vi held fast ved som norm.

### **§ 4.4.2 Areal for spreidd bustadbygg**

For fleire av områda lagt ut for spreidd bustadbygging, er store og vesentlege deler av avsett areal dyrka jord. Det er såleis ikkje samsvar mellom plankart og føresegner, då det etter føresegna punkt b. ikke skal byggast på dyrka jord. Denne skilnaden mellom kart og føresegner er uheldig og gir uklår informasjon til potensielle tomtekjøparar. Plankartet må difor endrast slik at det i større grad er samsvar mellom plankart og føresegner.

### **Pkt. 5.7**

I fleire av føresegndene under 5.7 er det sagt noko om søknadsplikt. Det er ikke heimel til å gi planføresegner om saksbehandlingsreglar. Reglane om søknadsplikt følgjer av sjølve plan- og bygningslova.

Vi har følgjande innspel og merknader til planlagt arealbruk:

### **Natur- og miljøvern (naturmangfold, landskap, grønstruktur)**

**BFT8 Åset i Austefjorden:** Her er arealet sett av til fritids- og turistføremål. Området er ved ein hubrolokalitet (ropeplass). Når det gjeld hubro, er det ikkje berre direkte nedbygging av hekkeområda som er problematisk, men det er også ei stor utfordring om jaktområda til hubroen, det opne landskapet, vert nedbygd. Hubroen er sterkt trua og i tilbakegang i fylket. Sunnmøre har tradisjonelt vore eit viktig område for hubro, og det har vore ein dramatisk tilbakegang dei siste ti åra. Tilgang på byttedyr er ein viktig faktor for å oppretthalde hubrobestanden, og det å ivareta kjende funksjonsområde og hekkelokalitetar er eit viktig tiltak for å bevare arten på lang sikt. Dette gjeld uavhengig av om lokaliteten er i bruk i dag eller ikkje. Ut frå dette må denne og all ny utbygging på neset konsekvensutgreiast med tanke på konflikt med funksjonsområdet til hubroen. I tillegg til hubro er her også tårfalk, oter og hjortetrekk. Vi vil også føye til at her er yngleområde for flaggermusarten brunlangøre, som same utbyggingsområde truleg kjem i konflikt med. Dette må greiast ut nærmere. Arten er i raudlista oppført som livskraftig, men har ukjent bestandstatus. Samla belastning på naturverdiane der ein også ser på allereie utført utbygging, vil som kommunen har peika på, kunne gi ein stor effekt på naturmangfaldet. Vi fremjer difor **motsegn** mot framlegget.

**BKB2 Haukåsen, Morkabygda:** I gjeldande kommunedelplan er ein stor del av arealet sett av til industri/forretning/kontor og resten som landbruksareal. Framlegget no er kombinert føremål. Arealet ligg på austsida av E39, medan Furene-området hovedsakleg er bygd ut på vestsida av vegen. Åsen er eit viktig landskapselement, og er dessutan eit nærturområde godt eigna for mindre born. Det er såleis vesentlege verdiar knytt til Haukåsen, og vi er også skeptiske til at skisserte framlegg vil gi auka press på jordbruksarealet vidare austover. Vi stiller spørsmål ved behovet for den store auken i BKB-areal som planen legg opp til. Ut frå landskapsverdiane Haukåsen representerer, i tillegg til verdien som nærturområde, vil vi rá ifrå framlegget.

**BRU9, Alida:** Dette er eit område på om lag 280 dekar som er føreslått til råstoffutvinning. Mykje er allereie beslaglagt. Det er registrert eit større område rik edellauvskog i området. Artsmangfaldet er rikt og her er mellom anna den viktigaste lokaliteten med falkbregne i Møre og Romsdal. Arten er no oppført som livskraftig i Norsk raudliste for artar (2015), men den er ikkje så vanleg i Møre og Romsdal. Her er også alm som er ein sårbar art (Norsk raudliste). Det nær trua (Norsk raudliste) insektet lita ramslaukflue har sin levestad i denne lia, og det har også den sjeldne olivenlaven (Nær trua). Her er dessutan stort potensiale for fleire funn av sjeldne og raudlista soppar. I skildringa av naturtypen er det også nemnt framande artar: «Dei mange framande artane som veks dels i vegkantar, dels i skogen, er truleg eit resultat av hageutkast over lang tid. Særleg uheldige i høve til biologisk mangfald er parkslirekne, ein pestrot-art og skvallerkål, som alle har sterke evne til spreying og fortrenging av stadbundne artar. I tillegg vil truleg platanlønn overta som viktigaste treslag i løpet av nokre få tiår. Platanlønn og parkslirekne står i kategori "høg risiko" på den norske svartelista, det same gjeld lækjepestrot viss det er denne som veks her....». Ved eventuelle masseflyttingar frå eit område til eit anna må ein vise omsyn til dette så ein unngår å spreie artar med høg risiko.

Ut frå kartgrunnlaget er det vanskeleg å sjå kor mykje av tiltaket som blir berørt av naturtypen. Tiltaksområdet **må uansett leggast utanfor den registrerte naturtypen**, då den har store registrerte verdiar i tillegg til potensiale for fleire funn av sjeldne artar. Vi rår difor til at ein innskrenkar området til råstoffutvinning.

**BRU5 Gråura, Dalsfjorden:** Området er lagt ut til råstoffutvinning. Området kjem inn på ein lokalitet med gammal boreal lauvskog. Dette er ein middels stor lokalitet med ein del gammalskogselement med stort potensiale for habitatsspesialistar og raudlisteartar. Overlapp med naturtypen rik edellaувskog trekkjer opp verdien. Han er gitt verdien B (viktig), men funn av raudlisteartar og kjenneiknande artar kan trekke verdien opp ytterlegare. Utvinningsområdet bør ikkje omfatte denne lokaliteten, og bør også ha ein buffersone til den. Vi rår ifrå framlegget slik det er utforma på kartet.

**BKB24 - Morkabygda:** BKB24 og BAB12 saman er plassert på Timbreåsen og Morkaåsen. Åsane er ein del av eit større, samanhengande naturområde som strekkjer seg frå fjorden ved Mork og til Indrehovden i Ørsta kommune. Det er få inngrep i dette området idag. Utbyggingsområdet i planframlegget utgjer om lag 200 dekar. Området utgjer eit langt, samanhengande naturområde på tvers av kommunegrensa, utgjer eit viktig landskapselement og har stor landskapsøkologisk verdi. Framlegget legg til rette for ei omfattande utbygging på toppen av høgdedraget som vil få stor innverknad på landskapsbiletet.

Nedbygging og oppstykking av areal er den største trusselen mot naturmangfaldet. God arealplanlegging der ein økonomiserer med arealressursane er avgjerande for å oppretthalde naturmangfaldet. Vi viser til Stortingsmelding nr. 14 (2015-2016), som slår fast at regjeringa vil bidra til at dagens bruk av naturen er berekraftig, hindre at artar utsyrddast og naturtypar forsvinn, og vidareføre arbeidet med å bevare eit representativt utval av norsk natur.

Området er eit viktig funksjonsområde for mange artar, t.d. hakkespettar, rovfugl og hjort. Her er ein mosaikk av ulike naturtypar, og omfattar mellom anna areal registrert som kystmyr, med verdi viktig. Lokaliteten er ein blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr. For å bevare myra må ein unngå fysiske inngrep, og særleg slike som påverkar dei hydrologiske tilhøva i myra. Sjå elles kommentarane om myr til BAB12 nedanfor.

Furuskogen på Morkaåsen har tradisjonelt vore leveområde for hønsehauk. Arten er no oppført i raudlista som nær trua, og bestandsituasjonen i Ørsta og Volda er svært dårlig, (sjå rapport frå NOF Møre og Romsdal Kartlegging av hekkande hønsehauk i Volda, Ørsta, Ålesund, Skodje og Stranda 2018). Bevaring av eigna leve- og hekkeområde er avgjerande for at bestandsituasjonen kan betre seg for denne arten.

Framlegget som legg til rette for ei utbygging til BKB- og BAB-føremål med ei breidd på nærmere 1 kilometer, er også særstakt konfliktfylt med omsyn til at det går eit svært viktig vilttrekk gjennom området. Med omsyn til sesongtrekket for hjort over Furene, er planframlegget i høgste grad konfliktfylt. Hjortetrekket her har vore eit tema for ein rekke planar i dette området. Det er bygd ein viltovergang over E39 for nettopp å sikre hjortetrekket og unngå påkøyrsalar. Presset på trekket i dag er allereie stort, og framlegget til utbyggingsområdet i kommuneplanen forsterkar dette. Morkaåsen er eit område der hjorten kan stå og roe seg ned før kryssing av viltovergangen på E39.

Rundt myra er det barskog, og området er eit mykje brukt friluftsområde med mange og godt brukte turstier i området mellom Langemyra og kommunegrensa mot Ørsta. Dette nettverket av stiar er bygd opp gjennom fleire år og er eit lett tilgjengeleg nærturområde for dei som bur i nærleiken. Synfaringa viste at området er mykje brukt til orienteringsløp, og også natursti for mindre barn. Som friluftsområde har det stor lokal verdi, men med høve til at det er eit nærfrialuftsområde for barn og unge, har det svært viktige verdiar.

Ut frå omsynet til friluftsliv, barn og unge og natur/miljøinteresser kan vi ikkje sjå at BKB24 kan aksepterast. Vi fremmer difor **motsegn** mot framlegget. Vi vil også peike på at eksisterande næringsområde på Furene ikkje verkar å vere optimalt utnytta, og vi kan ikkje sjå at det ligg føre ei behovsvurdering e.l som skulle tilseie at utbygging av BKB24 skulle kunne forsvarast når det er så store verdiar i området.

**BAB12, Morkaåsen, Morkabygda:** Framlegget er å etablere eit næringsareal/massedeponi av betydeleg storleik delvis på areal registrert som naturtype kystmyr. Lokaliteten har verdi viktig, men med mogleg høgare verdi nokre stader (intakt høgmyr, Jordal 2007). Ifølgje naturbase bør ein unngå fysiske inngrep, og særleg slike som påverkar dei hydrologiske tilhøva i myra. Det er i dag stor merksemd om myra sin funksjon når det gjeld binding av karbon, og nedbygging av myr vil medføre utslepp av klimagassar, og bør unngåast. I tillegg er myr eit viktig økosystem fordi det har gjerne stort biologisk mangfald, og kystmyr er ein trua naturtype. Planføremålet er ein del av eit større område med fleire stiar og tiltaket er såleis uheldig for friluftslivet. Området er eit viktig nærfriutsområde med mange mykle brukte stiar, synfaringa viste at området er i bruk til orienteringssløp, natursti osb. Området heng saman med BKB24, og til saman vil dette gi ei svært omfattande nedbygging av naturen i området. Vi fremjer difor **motsegn** mot framlegget.

Området grensar også til B104. Bustadområde og næringsareal/massedeponi som grensar til kvarandre vil i utgangspunktet vere krevjande både når det gjeld støy, støv, trafikk osb. Også ut frå desse forholda stiller vi oss kritiske til ei nærføring som skissert.

### B105, Ytrestøy

Mykle av B105 ligg som eit nokså urørt skogkledd areal nord for Håskjoldtjønna, med spreidd busetnad både i aust og vest. Utbygginga kan medføre barriereverknad for vandrande hjortevilt. Det er eit viktig sesongtrekk mellom indre og ytre deler av Sunnmøre på staden, og ein må unngå å lage sperrer for dette trekket. I tillegg til B105 ligg det store område der det er opna for auke i spreidd busetjing på begge sider. Vi er uroa for den samla belastninga (jf. naturmangfaldlova §10) som hjorteviltet blir utsett for med dette framlegget med tanke på å oppretthalde det økologiske funksjonsområdet (nml. §5), jf. også våre merknader til BKB24 og BAB12. Dersom kommunen ønskjer meir busetjing i denne delen av kommunen, bør ein heller fortette nokre av områda for spreidd busetjing i nærlieken og ikkje byggje ned eit nytt område. Vi er også skeptiske til framlegget ut frå statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Med den avstanden som er til funksjonar som skule, fritidsaktivitetar osb., er dette eit område som gjer ein meir avhengig av bruk av bil. Ut frå dette har vi **motsegn** til B105. Vi vil samstundes foreslå at kommunen set av eit areal til grønstruktur/omsynssone som kan sikre at ein opprettheld ein samanhengande grøn korridor som sikrar hjortetrekket søraust/nordvest gjennom området.

**BIA13 - Hjartåbygda:** Føreslått føremål er idrettsanlegg – trialbane. Volda & Ørsta Trialklubb nyttar allereie området. Arealet er bratt og ulendt. Kommunen ønskjer å få dagens arealbruk inn i kommuneplanen. Før eventuelle nye tiltak, er det stilt krav om reguleringsplan. Ut frå kartgrunnlaget er det noko vanskeleg å sjå eksakt kvar trialbana ligg med omsyn til registreringar i området. Det ser likevel ut til at den delvis overlappar eit område registrert som naturbeitemark med verdi viktig. Ut frå naturbase er det viktigaste i denne lokaliteten ein mindre bestand med solblom. Solblom er sårbar (VU), og den er aktuell som framtidig prioritert art (sammen med solblomengmøll). Solblom har hatt ein kraftig tilbakegang på tidlegare kjente lokalitetar i Møre og Romsdal. Nyare kartlegging viser at også denne bestanden er gått ut.

Litt lenger nordvest er det registrert fiolett greinkøllesopp. Den er også sårbar (VU). Ut frå artsvurderinga i norsk raudliste førekjem denne soppen hovedsakeleg i kulturmarkseng, men er

også funnen i rik skog (særleg på aust- og sørlandet). Ca. 160 kjente lokalitetar i landet, av desse er 20 (12%) i skog (oftast edellauvskog eller kalkskog). Hovudutbreinga er i låglandet i Sør-Norge og Trøndelag, men det er også nokre funn i Nordland. Fruktlekamen på soppen er ofte ganske stor med ein påfallande farge (fiolett) og dei er difor lett å oppdage. Ein trur at soppen har ein betydeleg tilbakegang som framleis pågår. Etter raudlista er den sårbar på grunnlag av reduksjon i habitat og bestand. Ut frå dette bør ein om ein ønskjer å utvide bruken/området til trialbane, gjere ei ny kartlegging av kvar soppen er, slik at ein kan ta omsyn til soppen og unngå å øydelegge leveområdet.

## **Friluftsliv**

**BN42, Eikremshammaran, Morkabygda:** Det er sett av om lag 30 dekar til næringsareal, der mykje av det er i sjø. Utbygging nærmest den sørlege delen av Riksstolen vil vere uheldig for friluftslivet då denne delen er ein viktig del av grønstrukturen. Strandsona nærmest Riksstolen er dessutan utan inngrep og er ikkje så bratt som lenger nord. Vi er også skeptiske til framlegget fordi det ved behov for utviding kan gi press på jordbruksareal i nærleiken. Ut frå dette rår vi ifrå framlegget slik det er utforma.

**BAB21, avløpsreinseanlegg ved Klippa:** Området ligg i og ved eit viktig friluftsområde, mykje brukt som badepunkt, i tillegg til at det ligg nært bustader. Som det går fram av KU, vil det ofte vere ulemper som t.d. lukt i nærleiken av slike anlegg. Vi kan ikkje sjå at KU i tilstrekkeleg grad gjer greie for kor sterke og omfattande desse ulempene vil vere. Omfanget av ulemper vil vere knytt til både storleik, type reinseanlegg osb. Vi rår ifrå at ein opnar opp for å plassere eit slikt anlegg så tett intill andre viktige interesser, og i alle høve før omfanget og tyngda av eventuelle ulemper i større grad er avklarte. Vi fremmer difor **motsegn** mot framlegget.

**BAB23, avløpsreinseanlegg Juliaberget:** Området utgjer ei sentrumsnær urøyrd strandsone, som pga. nærleiken til sentrum er av stor verdi. Som det går fram av KU, må det leggast vekt på å ivareta strandsona i størst mogleg grad. Dersom Andaneset skal knytast nærmere til Volda sentrum gjennom ei betre sambinding for gåande og syklande, må ein i reguleringsplanen sørge for at ein sikrar høve til ferdsel gjennom området.

**KU Veg2 og GV3-Uravegen samleveg med gangveg:** Vegen går gjennom eit statleg sikra friluftslivsområde og utgjer eit turvegdrag/grøn korridor frå busetnaden mot fjellet. Det statleg sikra friluftslivsområdet omfattar del av Helteelva og grøntdraget vest for elva. Her er frodig lauvskog og bekkelalvegetasjon og opparbeidde stiar. Området er eit viktig og mykje brukt friluftslivsområde. Det er allereie etablert ein sambindingsveg over elva, men vegen er berre open for buss og elles for mijuke trafikantar. Ein ønskjer no å gjere vegen om til samleveg mellom Røyslida og Bratteberg. Som det går fram av KU, vil framlegget medføre breiddeutviding som medfører inngrep i elva for å få plass til fortau eller gang-/og sykkelveg. Då området i dag er eit viktig gangsamband for barn og unge, vil auka biltrafikk kunne verke negativt. Det går også fram at tiltaket er i strid med arealstrategien om å sikre og vidareutvikle grønstrukturen i Volda sentrum. Vi rår til at ein gjer ein trafikkanalyse som kan belyse i kva grad tiltaket stettar eit reelt behov før ein i planen opnar for eit såpass stort inngrep i både grøntstrukturen og trafikktihøva for mijuke trafikantar. Ein må også vurdere kva tiltak som er nødvendig med omsyn til å bevare friluftsområdet langs elva. Då tiltaket inneber varig omdisponering av statleg sikra friluftsområde, krevst det godkjenning frå Miljødirektoratet.

**LSN7, sorenden Bjørkedalsvatnet:** Framlegget strekkjer seg om lag 140 meter langs strandsona, og legg beslag på om lag 2,5 dekar. Ifølgje KU er føremålet etablering av grillhytte m.v. Då det er strandsone og jordbruksareal med dei verdiane det representerer som tiltaket ligg på, ber vi om at området innskrenkast.

## Landbruk

I desember 2015 fastsette Stortinget eit mål om at årleg omdisponering av dyrka jord måtte vere under 4000 dekar, og at målet gradvis skulle nåast innan 2020 (Jordvernstrategien). I oktober 2018 la regjeringa fram ein oppdatert jordvernstrategi etter oppmoding frå Stortinget der det mellom anna heiter at regjeringa vil føre vidare ei tydeleg formidling av mål og tiltak for arealpolitikk og jordvern. Målet om årleg omdisponering under 4000 dekar står ved lag, og gir tydeleg føring om at jordvern skal vere ein vesentleg premiss i all arealforvaltning og at nedbygging av dyrka jord skal unngåast så langt råd.

Planframlegget medfører omdisponering av 132 da dyrka og dyrkbar jord, og då er det ikkje medrekna nye areal for spreidd bustad og næringsbygg i LNF-områda. Av dette er det 80 dekar som ligg innanfor areal kommunen har kartlagt som kjerneområde landbruk. Planframlegget legg opp til 2 større område for bustader på fulldyrka jord, på Rotset og Heltne. Sjølv om kommunen har behov for nytt tomteareal, er det jordbruksmessig så verdifullt areal som vil gå tapt med dette framlegget at vi ikkje kan akseptere føreslegne arealbruk, jf. merknader til dei ulike områda nedanfor.

I bygdene opnar planen for mange område for spreidd bustadbygging, hovedsakeleg frå gammal plan. Det er 79 gamle område som er vidareført frå gamle kommunedelplanar, i tillegg til 7 nye område. Mange av desse områda er til dels store, og gir i liten grad føringar om kvar bustadane skal plasserast. Dette gir stor fleksibilitet, men i liten grad føreseieleg arealbruk. Vi rår til at ein innskrenkar områda for spreidd busetjing i tråd med pbl. 11-7 bokstav b, slik at busetnadens omfang, *lokalisering* og føremål er nærmere angitt i planen.

**B2 og BFR180 - Lid/Berknes:** Verken bustad- eller hyttebygging på fulldyrka jord er i tråd med jordvernstrategien. Framlegget inneber her nedbygging av 6-7 dekar fulldyrka mark til bustader og hytter. Som det går fram av konsekvensutgreiinga, er det ledig areal til bustadbygging i området. Dette tilseier at med den vekta på jordvern som er pålagt av både nasjonalt og regionalt mynde, er det ikkje rett å bygge ned dette arealet til slikt føremål. Framlegget er også i strid med kommunen sin arealstrategi om lokalisering av nye bustadfelt. Vi rår ifrå framlegga.

**B111 - Rotset/Børmarka:** Dette området var gjenstand for motsegn frå fylkesmannen ved kommunedelplanen for sentrumsområdet/Furene i 2010. Arealbruken vart avgjort i departementet, der fylkesmannen vann fram med si motsegn slik at arealet framleis blei sett av til LNF. Området utgjer om lag 10 dekar fulldyrka jord, er ein del av eit større jordbruksareal og ligg innanfor område kartlagt som kjerneområde landbruk. Landbruksarealet her er pressa frå alle kantar, og det har vorte avgitt store areal til ulike føremål tidlegare. Området har også visuelle kvalitetar, er ein del av eit landskap som gir ei grøn lunge i tettstaden og er ein del av grønstrukturen. Ei nedbygging av 10 dekar vil bety ei betydeleg innskrenking av Rotset som landbruksområde, og vil medføre eit stort tap av matproduserande areal. Med dei sterke føringane som gjeld for vern av dyrka jord, er det høgst problematisk å halde fram med ei nedbygging av den høgtproduserande kulturjorda på Rotset. Ei slik arealforvaltning sender i tillegg eit signal til både landbruksnæring og utbyggjarar om at jordvern

betyr lite når utbyggarinteressene melder seg, og verkar sjølvforsterkande på ei vidare nedbygging. Vi fremjer **motsegn** mot framlegget.

**B226 - Heltne/Årneset:** Framlegget utgjer vel 20 dekar, men det som blir att av jordbruksareal mellom bustadområdet og til idrettsanlegg blir så lite og därleg arrondert at tapet blir om lag 30 dekar. Mesteparten er fulldyrka jord av stor verdi, veleigna til grasproduksjon. Trass i at området ligg nært sentrum og er såleis i samsvar med sentrale planretningslinjer for areal- og transportplanlegging, er framlegget så sterkt i strid med nasjonal jordvernstrategi at fylkesmannen går i mot framlegget. Etter vår vurdering bør utbyggingsgrensa austover langs Rotevatnet vere Heltneelva. Behovet for areal til bustader må løysast utan at ein bygger ned dei avgrensa arealressurane kommunen har som er eigna til matproduksjon. Vi er uroa for at ei utbygging på nedsida av Vikebygdvegen her vil vere ei brekkstang for ei vidare nedbygging austover langs vatnet. Vi har **motsegn** mot B226 ut frå omsynet til dyrkjord og evna til framtidig matproduksjon.

**LSB79 - Vassbotnen:** Dette området omfattar mellom anna ein del fulldyrka jord av stor verdi. Vi ber difor om at ein innskrenkar området. At områda for spreidd bustadbygging omfattar mykje dyrka jord er dessutan misvisande med omsyn til føresegnehene § 4.4.2. Der går det fram at bustadomter ikkje skal plasserast på dyrka elle dyrkbar jord. Det blir såleis divergens mellom plankart og føresegner, noko som er uheldig.

**B234 - Egset.** Dette arealet omfattar 12 dekar dyrka jord innanfor kjerneområde landbruk. Nedbygging er såleis svært uheldig ut frå omsynet til dyrka jorda. I tillegg er der støybelasta, og slike område bør ein i utgangspunktet unngå å legge støyfølsame arealføremål på. Ut frå omsynet til landbruk og støy, fremjer vi **motsegn** mot framlegget.

**BGU5 - Leirshaugen gravplass:** Framlegget er å utvide gravplassen på areal som utgjer 10,7 da innanfor areal kartlagt som kjerneområde landbruk. Dette er eit betydeleg innhogg i jordbruksarealet på Rotset. Vi kan ikkje sjå at KU gjer greie for eit slikt behov for utviding av gravplassen. Det er allereie regulert eit større areal til gravplass nord for framlegget, areal som ikkje er tatt i bruk eller tilrettelagt for føremålet. Dersom ein skal beslaglegge fulldyrka jord innanfor kjerneområde landbruk til eit totalt irreversibelt tiltak, må det leggast fram ei grundig behovsanalyse i tillegg til at det må sannsynleggjera gjennom kartlegging at det er uråd å finne alternative løysingar. Vi finn det svært uheldig at ein ikkje legg vinn på å finne ei meir framtidsretta og langsiktig løysing enn beslaglegging bit for bit av den fulldyrka, gamle kulturjorda av høg verdi som er i dette området. Vi vil også føye til at arealet er i full drift og at framlegget vil verke direkte negativt på areal- og dermed driftsgrunnlaget til ei landbruksbedrift. Ut frå omsynet til jordvern fremjer vi difor **motsegn** til framlegget.

**BKB12 – Furene:** Arealet utgjer om lag 19 dekar, der mykje av det er fulldyrka jord. Framlegget medfører såleis tap av ein viktig arealressurs, og er ikkje i samsvar med nasjonal jordvernstrategi. Det er ifølgje KU også klart i strid med kommunen sin arealstrategi for landbruk. Mykje av arealet er sett av til mellombels riggområde i samband med tunnel Volda-Furene. Vi er negative til utviding av nærings-/handelsområdet på kostnad av matproduserande areal av høg verdi. Vi er skeptiske til framlegget, også då det kan gi vidare press på dyrkjorda sørover.

**BOP43, Morkabygda:** Arealet utgjer 13,5 dekar fulldyrka jord innanfor kjerneområde landbruk. Arealet er tenkt brukt til utvidingsareal til ny/utvida skule. Arealbruken er sterkt i strid med nasjonal jordvernstrategi. Vi har forståing for at ei nødvendig utviding av skulen vil krevje areal, men vi

oppmodar til at ein prøver å sjå på andre moglegheiter som ikkje tar dyrka jord, eller i alle høve at ein reduserer arealet.

**BKB9 og BKB11 - Furene:** Arealet er føreslått til næringsareal, kombinert føremål forretning/kontor/industri. Arealet utgjer om lag 50 dekar og utgjer skogsmark av svært høg bonitet og dyrka jord av stor verdi. Ut frå at tiltaket er klart i strid med både kommunen sin arealstrategi for landbruk, at det vil ha store negative konsekvensar for landbruk og er i sterk strid med nasjonal jordvernstrategi, har vi **motsegn** mot framlegget. At deler av området skal nyttast til riggområde i samband med tunnel Furene-Volda, kan ikkje forsvare ei slikt jordtap. Utbyggingsgrensa bør vere Ørstavegen i dette området.

## Akvakultur

### VA10 Dale: område for akvakultur

Vi oppfattar det slik at planen legg opp til oppdrett i opne merdar like utanfor settefiskanlegget. Dalselva, som renn ut ved sidan av, har ei kort anadrom strekning. Vi meiner det ikkje er akseptabelt å legge eit oppdrettsanlegg like ved eit slikt vassdrag sjølv om anadrom strekning er kort, då ferkvassutslepp i sjø trekk til seg både laks og sjøaure på vandring og kan bli utsett for smitte frå parasitten lakselus og eventuelt andre smittsame sjukdommar. Vi reiser difor **motsegn** mot framlegget.

**VKA15, Steinsvik:** område for akvakultur, har i plankartet fått koden «kombinert formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone» Steinsvikselva/Vassbakkeelva renn ut like ved sidan av. Vassdraget er både laks- og sjøaureførande og er under oppbygging etter å ha vore stengd med ei demning sidan rundt 1990. Dette var gjort for å sikre vassinntaket til settefiskanlegget ved sjøen. Det vart bygd ei fisketrapp for få år sidan som gjer at anadrom fisk kan vandre opp i Vassbakkevatnet og til elva ovanfor vatnet. Ut frå same grunngjeving som for VA10, reiser vi **motsegn** til VKA15.

## Sentrumsinndeling og Mork/Furene

Det om lag 200 dekar store arealet til kombinert bygge- og anleggsføremål, BKB24, i Morkabygda i framlegget, har ikkje fått nærmere avgrensing i føresegnehene som seier noko om kva føremål som inngår. Det går likevel fram av planomtalen at det er forretning, kontor og industri ein ønskjer her.

Planomtalen gjer elles greie for at ein i tråd med handelsanalysen som er gjort konkluderer med at det kan vere rom for meir handel med byggevarer, hagesenter og andre plasskrevjande varer, som er bilbasert handel med eit regionalt marknadsområde. Det er difor lagt ut store område på Mork-Furene for å vidareutvikle området som eit regionalt viktig område for slik handel. Som det også går fram av planomtalen, er det eksisterande næringsarealet i Furene lågt utnytta og har potensiale for fortetting. Vi stiller difor spørsmål ved behovet for den utvidinga kommunen legg opp til. Vi vil også minne om faren ved bransjeglidning når det gjeld handel, og ved om det er behov for å gjøre ei kartlegging av kor mykje av handelsarealet i Furene som er plasskrevjande varer vs. detaljhandel. Då ei vidare utbygging i Furene raskt gir store arealkonfliktar med høve til både viktig landbruksareal, naturmangfold og friluftsliv, ser vi det som svært utfordrande med ei utvikling av området som kommunen legg opp til. I tillegg vil framlegget kunne gi auka transportbehov og ha konsekvensar for folkehelse, klima og miljø. Framlegget er altså konfliktfylt med høve til ei rekke interesser som skal ha stor vekt i arealplanlegging, og vi er difor svært skeptiske til planframlegget når det gjeld dette området.

Planframlegget deler inn Volda sentrum i indre, midtre og ytre sentrumssone, der ulike funksjonar kan tillatast i dei ulike sonene. Vi kan ikkje sjå at inndelinga går fram av plankartet, og såleis ikkje er juridisk bindande. Dette må det rettast opp i. Slik vi oppfattar det, er dessutan denne inndelinga retningsline, og ikkje føresegn. Vi oppfattar elles at funksjonsdelinga i dei ulike sonene er viktig for å ikkje svekke sentrum med omsyn til handel, og stiller difor spørsmål ved kvifor dette ikkje er nedfelt som føresegn. Vi har **motsegn** til framlegget inntil sentrumsinndelinga går fram av plankartet og funksjonsdelinga er nedfelt i føresegnene.

Planomtalen gjer greie for at det i området mellom framtidig Voldatunnel og Rotsethorntunnelen i reguleringsplanar er sett av store areal til offentlege funksjonar og næringsareal med høve til m.a. detaljhandel. Gjennom føresegner og retningsliner er det i eksisterande reguleringsplanar opna for at dette området kan bli eit «suppleringsenter» med høve til etablering av handelspark med plasskrevjande varer og detaljhandel. I planframlegget er det i føresegnerne sett ei øvre grense på totalt 6000 m<sup>2</sup> BRA for detaljhandel i midtre sentrumssone. Dette er meint å hindre ei massiv utflytting av detaljhandel frå indre sentrumssone. Det er ikkje tatt inn nytt areal til forretningsareal i midtre sentrumssone, då dette ligg inne i eksisterande reguleringsplanar. Vi er uroa for at ei etablering av 6000 m<sup>2</sup> detaljhandel på Rotset vil kunne bli svært negativt for detaljhandelen i sentrum. I tillegg vil det gi auka transportbehov og såleis ha konsekvensar for folkehelse, klima og miljø.

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Etter krav i plan- og bygningslova (tbl.) § 4-3 har kommunen utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). ROS-analySEN tar utgangspunkt i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse frå 2015. Analysen synleggjer ulike risiko- og sårbarheitsforhald i kommunen, både naturfare og menneske- og verksemdbasete farar. Analysen synleggjer òg ulike tiltak og korleis ulike risikoforhald følgjast opp i kommuneplanen. Her kunne ein òg vist meir konkret kvar og korleis planen følger opp avdekka risiko/sårbarheit, t.d. ved å vise til konkrete planføresegner og omsynssoner. Dette slik at det kjem tydeleg fram for dei som les planen korleis kommunen nyttar kommuneplanen til å sikre trygg utbygging. Fylkesmannen er elles nøgd med korleis analysen synleggjer risiko ved nye utbyggingsområde. Til dømes gjev tabellen i slutten av analysen ein god oversikt over kva område det trengs meir kartlegging av ulike risiko- og sårbarheitsforhald.

Fylkesmannen merkar seg at det er knytt éi felles føresegn til omsynssonene H310 (skredfare), H320 (flaumfare) og H330 (radonfare). Sidan TEK17 stiller ulike krav til tryggleik for ulike farar, meiner Fylkesmannen at det bør utarbeidast separate føresegn knytt til dei ulike omsynssonene. Då kan planføresegnerne samtidig vise til dei konkrete krava til tryggleik i TEK17 som er gjeldande for den aktuelle faren.

I oversendinga er det lagt ved ulike temakart/vedlegg. I alle fall to av desse omfattar naturfare. Vi ser at det kan vere forvirring når bruk av aktsemndskart i «TEMAKART A Naturfare» (som truleg er eit vedlegg til ROS-analySEN) skil seg frå vedlegget til plankartet som syner faresoner for skred, flaum og radon.

Omsynssone H310 viser område som kan vere potensielt utsett for skred. Slik Fylkesmannen forstår utstrekninga til omsynssonene nyttast NVE og NGI sine aktsemndskart i plankartet. Fylkesmannen kjenner til at fleire stader i kommunen er faresonekartlagt i regi av NVE. Vi meiner faresonekartlegginga skal nyttast der desse finst, sidan desse gjev kommunen den beste kunnskapen om skredfare. Faresonekartlegging avgrensar som oftast område med potensiell skredfare, men den kan òg avdekke skredfare i område som ikkje er dekka av aktsemndskart. Dette er

til dømes tilfelle langs Heltneelva i Volda sentrum. Når kommunen kjenner til risiko som må takast omsyn til ved planlegging, må dette sikrast gjennom planen.

Fylkesmannen oppmodar kommunen å nytte faresonekartlegginga der desse finst. Vidare må kommuneplanen sikre tilstrekkeleg tryggleik for avdekka skredfareområde (som ikkje er omfatta av aktsemeldskart) i planen. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. TEK17 § 7-3.

Vi merkar oss elles at omsynssonene er teikna utan omriss i plankartet og faresonekartet (vedlegg til plankartet). Dette gjer det vanskeleg å sjå avgrensingane til omsynssonene (kva konkrete område dei dekker). Unntaket er «TEMAKART A Naturfare», men denne viser samtidig ikkje alle relevante aktsemeldskart.

Kommuneplanen inneholder planførersegner (§ 2.2) som opnar for tiltak utan krav om reguleringsplan. Vi gjer merksam på at dersom tiltak skal kunne realiserast direkte med heimel i kommuneplanen sin arealdel må kommuneplanprosessen ha ivaretatt naudsynte avklaringar som elles ville blitt gjort på reguleringsplannivå. T.d. skal reell fare kartleggast seinast på siste plannivå. Det er ikkje mogleg å skyve vurdering av reell fare til byggjesak. Dette er seinast stadfesta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» frå oktober 2018. Om kommuneplanen opnar opp for ny utbygging utan krav om reguleringsplan i område med potensiell fare, må reell fare kartleggast i samband med kommuneplanen. Vi er usikre på kva område i kommunen § 2.2 opnar for tiltak, og om ROS-analysen har avdekka potensiell fare i desse områda. Vi kan heller ikkje sjå av planførersegnerne at kommunen sikrar at tiltak med heimel direkte i kommuneplanen berre kan skje i område der reell risiko- og sårbarhetsforhold er avklart (som er krav ved reguleringsplannivå).

Fylkesmannen er usikker på om § 2.2 i planførersegnerne opnar for tiltak i område med potensiell fare. Dersom dette er tilfelle, må ein allereie no avklare den reelle faren i desse områda. Eventuelt må planførersegnerne sikre at tiltak som kan realiserast direkte med heimel i kommuneplanens arealdel berre skjer i område med avklarte risiko- og sårbarhetsforhold. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. pbl. 28-1.

ROS-analysen vurderer risikoene for stormflod og havnivåstiging. For vurdering av returnivå for 20-, 200-, og 1000-årsstormflod takast det utgangspunkt i DSB sin rettleiar «Havnivåstiging og stormflod». Fylkesmannen minner om at ein skal runde av til nærmeste 10 cm ved bruk av DSB sin utrekningsmetode. Vi merker oss vidare at det står «... cm + klimapåslag» ved dei ulike returnivåa i analysen. DSB sin vurdering inkluderer klimapåslag, men ikkje lokale vind- og bølgjeforhald. Vurdering av vind- og bølgjeforhald må inkluderast for å vite kva som er trygg byggjekote for ulike tryggleiksklassar. Sidan vind- og bølgjeforhold kan variere mykje i ein kommune, kan ein utsetje ei slik vurdering til eit lågare plannivå. I så tilfelle må kommuneplanen sikre dette gjennom planførersegnerne.

I føresegn § 2.3.5 «Stormflod og havnivåstiging» står det: «... tiltak i strandsona skal det takast omsyn til nivået for 200-års stormflo...». Fylkesmannen tilrår at kommuneplanen sikrar minste byggjekote for dei tre tryggleiksklassane (F1, F2, og F3). Dette er meir føremålstenleg enn eit felles krav for alle typar tiltak. Stiller ein krav til at alle tiltak skal plasserast tilstrekkeleg trygt for 200-årsstormflod, sikrar planen tilstrekkeleg tryggleik for F1- og F2-tiltak, men ikkje F3-tiltak. Vidare er F1-tiltak typisk naust, som gjerne plasserast nærmere sjø enn til dømes bustadhus og hytter (F2-tiltak).

Planen sikrar ikkje tilstrekkeleg tryggleik for F3-tiltak. Vidare ynskjer vi at det skiljast mellom krav til tryggleik for F1-, F2-, og F3-tiltak, og at føreseggnene spesifiserer at det må det gjerast ei lokal vurdering av vind- og bølgjeforhold ved vurdering av trygg kote. Fylkesmannen har **motsegn** til planen, inntil den sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot stormflood og havnivåstiging, jf. TEK17 § 7-2

«Klimaprofil Møre og Romsdal» viser at det er venta ei vesentleg auke i åreleg vassføring som følge av auke i årleg nedbør, og ROS-analysen gjer ei vurdering av flaum- og erosjonsfare i kommunen. For å sikre tilstrekkeleg tryggleik rundt vassdraga i kommunen står det i ROS-analysen at bekkar og elvar visast med omsynssonar rundt seg. 20 meter på kvar side av bekkar, og 50-100 meter langs elvar. Dette er i tråd med NVE sin rettleiar «Flaum- og skredfare i arealplanar».

Det kjem ikkje fram av planen kor stor omsynssonene er langs elvane i kommunen, der er forskjell på om omsynssonene er 50 meter eller om dei er 100. Det bør derfor kome fram av planen kvar på denne skalaen kommunen har lagt seg. Dersom kommunen vel ein omsynssone på 50 meter langs elvar (som er minimumet), er det spesielt viktig at det kjem fram av planen kvifor denne avstanden er dekkande. Vidare saknar vi ei synleggjering av kva som definerast som bekk og elv. NVE sin rettleiar «Flaum- og skredfare i arealplan» definerer «mindre bekkar» som bekkar kor nedbørssfeltet er mindre enn 20 km<sup>2</sup>, uavhengig av om vassføringa er årsikker eller ikkje.

Føresegn § 5.1.3 sikrar at reell fare innanfor omsynssonene for flaum kartleggast, og tilstrekkeleg tryggleik dokumenterast, jf. TEK17. Vi viser likevel her til vår merknad om at det bør utarbeidast separate føresegner til dei ulike omsynssonene i plankartet.

Mot år 2100 er det òg venta ei vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst, jf. «Klimaprofil Møre og Romsdal». Dette får spesielt konsekvensar for mindre vassdrag og bekkar. Jamfør føresegn § 2.7.1 er det krav om byggjegrense på 20 meter til kvar side av vassdrag med årsikker vassføring, og 50 meter langs vatn. Fylkesmannen er usikker på om det er tilstrekkeleg å berre sikre byggjegrense langs vassdrag med årsikker vassføring då klimaendring òg vil føre til auka avrenning i vassdrag som i dag ikkje har årsikker vassføring.

Fylkesmannen meiner det må kome fram av planen kor stor omsynssonene er rundt elvane i kommunen (50-100 meter). Dersom kommunen legg seg på den nedre grensa (50 meter), må det synleggjera kvifor denne avstanden er tilstrekkeleg. Vidare må kommunen vurdere om planen skal sikre byggegrense/vurdering av reell flaumfare òg rundt bekkar/mindre vassdrag som ikkje har årsikker vassføring. Inntil dette er gjort, har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. TEK17 § 7-2.

Deler av Volda kommune ligg under marin grense, og nokre område har i følge NGU sine lausmassekart marine avsetningar, mellom anna ved Bjørneset og Homborset. I ROS-analysen vurderer ein det som lite sannsynleg for kvikkleire i kommunen, men det er krav om aktsemde område med marin avsetning. Fylkesmannen kan ikkje sjå at planføreseggnene sikrar nærmare vurdering av grunntilhøva i område med fare for kvikkleire. Inntil planføreseggnene sikrar nærmare avklaring av grunntilhøva, og tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn, har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. TEK17 § 7-3.

I ROS-analysen kapittel 4.7 «Elektromagnetisk stråling» vurderast risikoen ved elektromagnetisk felt og farleg stråling. Det visast til Statens strålevern sitt krav om at eksponering skal vere så låg som mogleg, og at ein skal unngå utbygging i område med elektromagnetisk felt over 0,4 µT (mikrotesla). I analysen står det at som avbøtande tiltak skal kraftliner og trafostasjonar markerast med omsynssone i plankartet. Fylkesmannen kan ikkje sjå at dette er gjort. Det er heller ikkje utarbeida føresegns som sikrar at utbygging nær høgspentanlegg skjer i tråd med krava frå Direktoratet for strålevern og atomberedskap (DSA). Kommunen må følgje opp avdekka risiko i planen. Inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot elektromagnetiske i samsvar med krava frå DSA, har Fylkesmannen **motsegn** til planen, jf. pbl. § 11-8.

Vi gjer merksam på at netteigar er pålagt å gje informasjon om magnetfelt, og kva avstand som gjev magnetfelt lågare enn 0,4 µT. Statens strålevern sin brosjyre «Busetting nær høgspentanlegg» skildrar kva krav som gjeld for utgreiing av tiltak som er planlagt i område med magnetfeltet over 0,4 µT.

I ROS-analysen kapittel 4.1 «Handtering av farleg stoff» og kapittel 4.2 «Storbrann» er det knytt mogleg risiko til etablering av «... eksplosivlager som er underlagt Storulykkesforskrifta». Jamfør Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sin oversikt over storulukkesverksemder i Møre og Romsdal, har Volda kommune ei verksemde i Bjørkedalen som fell under storulukkesforskrifta. Fylkesmannen her usikker på om ROS-analysen omtalar ein ny verksemde som er planlagt, eller om verksemda som omtalast er den same storulukkesverksemda som ligg i oversikta til DSB.

Fylkesmannen meiner at planen/ROS-analysen må vere tydeleg på kor mange verksemder som ligg under storulukkesforskrifta, og om det planleggast fleire slike verksemder i kommunen. Når ROS-analysen avdekker storulukkesrisiko, må det vurderast korleis kommunen skal sikre oppfølginga av dette, og korleis storulukkesrisikoen skal sikrast gjennom kommuneplanen sin arealdel. Dette kan gjerast t.d. gjennom bruk av arealføremål, omsynssoner og/eller generelle føresegner til planen.

Fylkesmannen meiner vurderingane knytt til storulukkesrisiko i kommunen er uklåre. Vi er derfor usikre på om planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik rundt ev. storulukkesverksemder i kommunen. T.d. står det i ROS-analysen, under avbøtande tiltak, at det er naudsynt med tryggleikssone rundt verksemde som fell inn under storulykkesforskrifta. Fylkesmannen kan ikkje sjå av plankartet at det er teikna inn ei omsynssone rundt nytt og/eller eksisterande storulukkesverksemde i Bjørkedalen, jf. pbl. § 11-8. Inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik rundt eventuelle storulukkesverksemder i kommunen, har Fylkesmannen motsegn til planen. Til hjelp med dette arbeidet viser vi til DSB sin rettleiar «Veileder om sikkerhet en rundt storulykkevirksomheter».

Gjennom ROS-analysen er sløkkevasskapasiteten i kommunen kartlagt. Område der det ikkje er tilstrekkeleg sløkkevatn er synleggjort i eige temakart. Planen sikrar at sløkkevasskapasitet skal gjerast greie for ved alle planar for utbygging og større utbyggingstiltak. Vi kan derimot ikkje sjå at planen tek stilling til korleis sløkkevasskapasiteten kan betrast i område som allereie er utbygd, og om dette er noko som kan sikrast gjennom arealplanen. Fylkesmannen tilrår at kommuneplanen nyttast til å sikre tryggleik òg for eksisterande busettader, ikkje berre ved nye utbyggingsområde.

## Konklusjon

Volda kommune har utarbeidd eit godt og ryddig framlegg til kommuneplanens arealdel for perioden 2019 - 2030. Arbeidet med kommuneplanens arealdel følgjer opp målsettingane og strategiane frå kommuneplanens samfunnssdel. Dette er eit godt grunnlag og eit viktig grep for at kommuneplanen kan bli eit viktig strategisk utviklings- og styringsverktøy for kommunen.

På nokre område er likevel planframlegget i strid med nasjonale og viktige regionale interesser. Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde motsegner til nokre av føresegnene og til arealbruken knytt til delområde i planen. Det er laga ei punktvis oversikt over Fylkesmannen og NVE sine motsegner i starten av brevet. Nokre av motsegmene er truleg relativt enkle å løyse, medan andre bør vurderast nærare. Vi ber kommunen ta kontakt slik at vi i fellesskap kan gå gjennom dei aktuelle konfliktpunkta for å finne løysingar.

Med helsing

Berit Brendskag Lied (e.f.)  
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland  
fagsjef-plansamordning

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

## Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Martha Helle Dybo, tlf.: 71 25 85 91  
Føresegner: Bente Thornes Kosberg, tlf.: 71 25 84 78

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Direktoratet for mineralforvaltning	Postboks 3021 Lade	7441	Trondheim